

# Eksamen

27.05.2019

HUD3003 Yrkesutøving / Yrkesutøvelse

**Programområde:** Hudpleie Vg3

# Nynorsk

## Eksamensinformasjon

<b>Eksamenstid</b>	Eksamen varer i 4 timar.
<b>Hjelpemiddel</b>	Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå ope Internett, samskriving, chat og andre moglegheiter for å kunne utveksle informasjon med andre.
<b>Bruk av kjelder</b>	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrifter eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
<b>Informasjon om vurderinga</b>	I dette oppgåvesettet blir det lagt vekt på evna til å diskutere samanhengen mellom hudtilstand, produkt, apparatbruk og pleie både heime og i salong.

Som hudpleiar har du fått jobb i ein hudpleieklinikk som har spesialisert seg på unge kundar med hudproblem.

Den første kunden din denne dagen er Anne på 23 år. Ho er ei aktiv jente som driv med seglsport. Anne opplever for tida at huda hennar er tørr og stram, og ho slit med ein del ureinheiter i ansiktet. Gjennom lupelampa observerer du teikn til utvida kapillær.

Anne behandlar til dagleg huda si med reinsegele og ein lett emulsjon. To gonger i veka bruker ho peeling og leirmaske for å trekkje ut ureinheitene. Trass i at ho har følgd dette programmet frå urenhud.no i fleire månader, ser ho inga betring.

Den neste kunden denne dagen er studenten Maria på 21 år. Ved sida av studia jobbar ho nokre kveldar på Burger King. Under hudanalysen observerer du både svarte og kvite prikkar, i tillegg til kviser med puss og nokre djupe knutar som er svært ømme. Ho har også blanke parti i ansiktet. Maria har ingen reinserutine, men bruker av og til reinseserviettar om kvelden. Ho bruker fuktigheitskrem i ansiktet når ho har tid. Foundation bruker ho kvar dag for å dekkje over ureinheitene.

## Oppgåve 1

- a) Gjer greie for utsjånaden og årsaka til hudproblema og hudtypane du observerer hos Anne og Maria.
- b) Kva for behandlingsopplegg vil du at Anne og Maria skal følgje både heime og hos deg i salongen?

## Oppgåve 2

- a. Forklar kva for ingrediensar som har god verknad på hudproblema til Anne og Maria.
- b. Drøft betydninga av riktige produkt, massasje og bruk av apparat til dei behandlingane du vel for Anne og Maria.

## Bokmål

<b>Eksamensinformasjon</b>	
<b>Eksamenstid</b>	Eksamen varer i 4 timer.
<b>Hjelpemidler</b>	Alle hjelpemidler er tillatt, unntatt åpent Internett, samskriving, chat og andre muligheter for å kunne utveksle informasjon med andre.
<b>Bruk av kilder</b>	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrifter eller sitater fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
<b>Informasjon om vurderingen</b>	I dette oppgavesettet blir det lagt vekt på evnen til å diskutere sammenhengen mellom hudtilstand, produkt, apparatbruk og pleie både hjemme og i salong.

Som hudpleier har du fått jobb i en hudpleieklinikk som har spesialisert seg på unge kunder med hudproblemer.

Den første kunden din denne dagen er Anne på 23 år. Hun er en aktiv jente som driver med seilspport. Anne opplever for tiden at huden hennes er tørr og stram, og hun sliter med en del urenheter i ansiktet. Gjennom lupelampen observerer du tegn til utvidede kapillærer.

Anne behandler til daglig huden sin med rensegele og en lett emulsjon. To ganger i uken bruker hun peeling og leirmaske for å trekke ut urenheter. Til tross for at hun har fulgt dette programmet fra urenhud.no i flere måneder, ser hun ingen bedring.



Den neste kunden denne dagen er studenten Maria på 21 år. Ved siden av studiene jobber hun noen kvelder på Burger King. Under hudanalysen observerer du både svarte og hvite prikker, i tillegg til kviser med puss og noen dype knuter som er svært ømme. Hun har også blanke partier i ansiktet. Maria har ingen renserutine, men bruker av og til renseservietter om kvelden. Hun bruker fuktighetskrem i ansiktet når hun har tid. Foundation bruker hun hver dag for å dekke over urenheter.

## Oppgave 1

- a) Gjør rede for utseendet og årsaken til hudproblemene og hudtypene du observerer hos Anne og Maria.
- b) Hvilke behandlingsopplegg vil du at Anne og Maria skal følge både hjemme og hos deg i salongen?

## Oppgave 2

- a. Forklar hvilke ingredienser som har god virkning på Annes og Marias hudproblemer.
- b. Drøft betydningen av riktige produkter, massasje og bruk av apparater til de behandlingene du velger for Anne og Maria.



[www.vigoiks.no/eksamen](http://www.vigoiks.no/eksamen)